



Camilla Angelica Johansen
Eidavegen 602
5993 OSTEREIDET

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/3681 - 15/35310

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
18.11.2015

Arkivering av søknad utan handsaming - gbnr 233/63 Eide indre.

Kommunen viser til søknad mottatt 21.10.2015, kommunen sitt skriv vedkomande manglar i saka datert 30.10.2015 og tilleggsdokumentasjon mottatt 10.11.2015.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. I skriv datert 30.10.15 bad kommunen om følgjande tilleggsdokumentasjon:

- Eigedomen ligg i område som i kommuneplanen er avsett til byggjeområde for bustadar. I samsvar med punkt 1.1 i føresegnene til planen er det eit generelt krav om utarbeiding av reguleringsplan før tiltak kan godkjennast dersom ikkje tiltaket kjem inn under unntaksbestemmelsen i punkt 2.14. For at kommunen skal kunne vurdere om denne bestemmelsen gjeld må det gjerast greie for % BYA samla bruksareal og MUA slik det kjem fram av punkt 2.14.*

I punkt 2.14 står det:

«Det kan utan reguleringsplan gjevast løyve til mindre tiltak etter pbl § 20-2 bokstav a på eksisterande bustadeigedomar når samla utbygging er innafor dei grensene som er fastsett nedanfor. Det vert ikkje opna nye bueiningar eller næringsbygg på eigedomen. Bygd areal (BYA) skal ikkje overstige 20 %. Samla bruksareal (BRA) for bustad, garasje og uthus skal ikkje overstige 400 m². Dersom det ikkje er bygd garasje samtidig med bustaden, skal det ved utrekning av samla bruksareal (BRA) reserverast minst 36 m² for bygging av frittstående garasje. Etter utbygging skal det vere igjen eit minste uteoppfallsareal (MUA) på 200 m² per hovudbueining. Maksimal gesimshøgde er 6,0 m. Maksimal mønehøgde er 9,0 m. Høgden vert målt frå planert terreng. Det kan gjevast løyve til tilleggsareal opptil 200 m² etter pbl § 20-1 bokstav m) utan krav om reguleringsplan, dersom dette ikkje er til hinder for framtidig regulering. Heimel: Pbl § 11-10 nr. 1.»



2. *Kommunen ser av vedlagte kart at det er lite areal for parkering på tomta. Når garasjen skal brukast til soverom må det gjerast greie for korleis parkering skal løysast. Dette må visast ved innteikning på situasjonskartet. Det er krav om 2 parkeringsplassar, dvs 2 x 18 m2.*
3. *Det må sendast inn fasadeteikningar av bygget som viser omsøkt endring.*

10.11.2015 har vi mottatt nye fasadeteikningar og opplysningar om tomteutnytting gjeve som % BYA. Kommunen vurderer at innsend dokumentasjon ikkje har tilfredsstillande kvalitet i tillegg til at dokumentasjonen framleis er mangelfull, jf kommunen sitt brev om trong for tilleggsdokumentasjon.

Søknaden inneheldt for lite opplysningar til at den kan handsamast. Søknaden vert arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

Andre forhold:

I telefonsamtale 02.11.15 opplyser du at delar av bygget, som tidlegare vart nytta til næringsverksemd, nyleg er bygd om til leiligheit. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket er søkt om eller godkjend. Tiltaket kan vera søknadspliktig etter reglane i plan- bygningslova. Kommunen ber om at det vert gjort greie for kva arbeid som er utført, gjerne vedlagt skisser av før- og nosituasjon slik at vi kan vurderer om tiltaket krev søknad og løyve. Frist for tilbakemelding vert sett til **31.12.2015**.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Camilla Angelica Johansen

Eidavegen 602

5993

OSTEREIDET